



NIBIO


NORWEGIAN INSTITUTE OF
BIOECONOMY RESEARCH

Grunnlag for jordvernstrategi for Voss herad

Arbeidsverkstad 27. august 2025



Foto: Svein Ulvund




Stor jordbruksbygd, i vestnorsk samanheng, av dei største i Vestland fylke.

Årleg verdiskaping på over 135 mill kr.

75 % er mjølkeproduksjon, 15 % sau.


Av planteproduksjon så er det frukt og bær som står for størst verdiskaping, med litt over 5 mill.

Vi har beregna at kommunen har over 360 årsverk i jordbruket.



Verdiskapinga skjer på drøye 64 000 dekar jordbruksareal, der 70 % av dette er fulldyrka eller overflatedyrka og resten er innmarksbeite.

Fulldyrka jord



Kva er egentleg jordbruksareal?

Når det ser slik ut er det nok ingen som er i tvil. Her er det fulldyrka jord.

Det er jord som er dyrka til vanleg pløyedjupne og kan brukast til åkervekstar eller til eng.

Fulldyrka jord



I saker som gjeld utbygging på jordbruksareal så ser vi ofte at det blir diskusjon rundt areal som er ute av bruk.

«Dette er ikkje dyrka jord, for her har det ikkje blitt dyrka noko på mange år», blir det gjerne sagt.


Men det kan altså vere fulldyrka jord sjølv om det ser ut som eit villnis, som på bildet her.

–Heilt til det eventuelt har grodd igjen med skog.

Fulldyrka jord?



Når det er grodd igjen slik at det ikkje uten vidare kan takast i bruk til jordbruksproduksjon, så er det ikkje lenger å rekne som jordbruksareal.



Korleis blir arealene brukt?

I dag: Over 99 % er gras, enten som slått eller som innmarksbeite.
Veldig lite potet og grønnsaker.

Men det er mulig å dyrke fleire andre vekstar på Voss også.




Foto: Lars Olve Hesjedal

Dei kartlegg vossajorda



For nokre år sidan blei det gjort ei jordkartlegging på Voss.
Karta kan brukast til å seie noko om potensialet



Dekning jordsmonnkart

33 000 dekar


72 % av fulldyrka og
overflatedyrka dyrka jord



Oransje ruter viser område med dekning. Gule ruter; jordbruksareal uten jordsmonnkart.

Potensial for dyrking av korn og grønsaker

Klasse	Gulrot	Kålrot	Tidleg bygg
Høgt potensial	62 %	66 %	4 %
Middels potensial	14 %	20 %	48 %
Lågt potensial	23 %	14 %	36 %
Ueigna	1 %		12 %



Egenskapar til jorda, kombinert med klimadata, vise potensialet for ulike vekstar, til dømes korn. Det er vanskeleg å dyrke fram matkorn på Voss, men mulig å dyrke bygg som krev kortare vekstssong.

Mykje av jorda er også godt egna til å dyrke gulrot og kålrot.

I nasjonal jordvernstrategi er matkornarealene løfta fram som spesielt viktige.

Men om vi tenker på beredskap så er potet vel så viktig. Spesielt om ein også tenker på regional og lokal beredskap i områda som er mindre eigna til matkorn.

Kan mette fleire personar på eitt dekar potet enn på eitt dekar korn.

Gjennomsnittsavling Vestland: Krevst 0,67 dekar for å livnære ein person.

Har ikkje slike kart for potetproduksjon, men overslag tilseier i hverfall 40 % av dyrka jord er eigna.

Nasjonalt jordvernmål

Omdisponering av dyrka jord skal ikkje overstige **2 000** dekar, og målet skal være nådd innan 2030.

Målet blei fastsatt ved Stortinget si behandling av oppdatert nasjonal jordvernstrategi i juni 2023.

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/forvaltning/fagomrader/eiendom/jordvern/nasjonale-mal-og-foringer>

*Betyl at Voss vil måtte begrense seg til ca. **11** dekar pr. år*




Foto: Per Olav Bayum

2000 dekar stort tal. Bryter det ned på kommune etter andel jordbruksareal: 11 dekar pr. år. Ikkje ei kvote som må fyllast eller fordelast mellom kommunane. Men det er ein illustrasjon på kva rammer det innskjerpa jordvernmålet gjev.

Nedbygging av jordbruksareal

	Omdisponert KOSTRA, snitt pr. år siste 20 år	Nedbygd Basert på endring i ARS, snitt pr. år siste 17 år
Voss	23 dekar	65 dekar



Omdisponert, rapportert gjennom KOSTRA, vedtatt reguleringsplan.
Snitt siste 20 år, 23 dekar.
Siste 5 år redusert til 12 dekar årleg, i tråd med jordvernmålet.

Nedbygging av jordbruksareal

	Omdisponert KOSTRA, snitt pr. år siste 20 år	Nedbygd Basert på endring i ARS, snitt pr. år siste 17 år
Voss	23 dekar	65 dekar



Men kor mykje er det som faktisk er bygd ned?

Ikkje like lett å måle.

Har sett på det som er fanga opp i kartet, og sjekka mot flyfoto.

Vesentleg høgare.

Største andel av nedbygginga er i Myrkdalen, dernest på Palmafossen og Skulestad.

Konsekvensar for matproduksjonen

Siste 17 år:

- 390 500 fôreiningar

Med potet på 40 % av det nedbygde arealet:


- Kunne gitt poteter til 18 000 personar
- 650 personar kunne overlevd på poteter frå desse jordene
- I tillegg over 230 000 fôreiningar på resterande 60 % av arealet



Føremål med nedbygginga

Basert på kobling mot arealbrukskart frå SSB

Arealbruksklasse	Andel
Bustader	15 %
Fritidsbusetnad	7 %
Landbruk	33 %
Næring og tenester	9 %
Undervisning og barnehage	1 %
Samferdsle og infrastruktur	22 %
Grøntområde	1 %
Idrettsområde	4 %
Andre bygningar og anlegg	9 %



Føremål med nedbygginga



Typisk eksempel på nedbygging til landbruksføremål. Ny driftsbygning.

Gjengroing av jordbruksareal

Fulldyrka og overflatedyrka

Grodd igjen siste 13 år	775 dekar
Under gjengroing	2 500 dekar



Mest gjengroing rundt Evanger, Vestbygdi og i Raundalen

Utfordringane framover

- Jordbruksareal avsett til andre føremål enn LNF
 - Kommuneplan
 - Kommunedelplan
 - Reguleringsplan




Jordbruksareal i kommuneplanen

Føremål	dekar
Bustad og sentrum	82
Fritidsbusetnad	17
Turistføremål	19
Næringsvekrsemd	12
Råstoffutvinning	7
Idrettsanlegg	62
Andre føremål	7
Sum	198
LNFR spreidd	39



Tiltak for å ta bedre vare på jordbruksarealet

1. Unngå
 - Planvask
 - Økonomiske tilskot, td grøfting
2. Avgrense
 - Dispensasjonspraksis
3. Sette i stand
 - Reetablering av jordbruksareal i utbyggingsområdet
4. Kompensere
 - Nydyrking ikkje reell kompensering
 - Jordflytting, kvar til?



Figur 9.4 Tiltakshierarkiet (Kilde: SVV)

Tiltakshierarkiet, viktigaste er å unngå.
Dersom uråd, begrense mest mulig
Som siste utveg, må kompensere.
Ikkje uproblematisk det heller,
Kjem fort opp i arealkonfliktar.